



Styremøte i Valldal Bygdekvinne lag 25.august kl.18.00 på biblioteket

Desse møtte: Bjørg, May, Gerd, Magnhild
Forfall: Mette Marie, Mette NV
Vara som møtte: Linda
Nelly var innkalla i sak 62/26

Bjørg ønskte vel møtt og opna med diktet «Lykke» av Anna Skeide som også var VBK si helsing i Storfjordnytt sist veke.

Saker:

Sak 60/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og gjennomgang av referat frå forrige møte

Ingen merknader til innkalling mm.

Tettpakka sakliste, truleg behov for utsetting av nokre saker.

Oppgjeret etter turen til Rauma er no ordna, kreditnota på ein del av beløpet.

Sak 61/26 Informasjon, telefonar og andre henvendelser til leiar

Bjørg har delteke på møte i «opplevelsesparkgruppa».

Info og takk til alle for innsatsen på olsok er sendt ut.

Oppsummering av aktivitetane som har vore gjennomført sidan i vår.

Deltaking på møta i samband med olsok-planlegging.

Frivilligfestival i sept. Bjørg har delteke på møte.

Forespurnad frå Maria Dvergsdal om VBK er interessert i kjøtt/slagside. *Bjørg melder attende at laget takkar nei til dette.*

Sak 62/26 Evaluering Olsok 2026 Arbeidsgruppa Ansvarsfordeling Tillaging på førehand (plakatar, jordbær, vaffelrøre, innkjøp, vaktlister, graut mm) Tillaging på kaia og i boder. Opprydding.

Arbeidsgruppa har hatt evalueringsmøte.

Detaljar kring utføring av dei ulike oppgåvene kan oppsummerast slik:

- VBK har ønskje om at 2 personar bør delta på fellesmøta.
- Fornøgde med arrangementet. Dårleg frammøte på evalueringsmøtet.
- Litt kluss med organisering av loddøkene. Kom inn litt meir på lotteriet i år samanlikna med i fjor.
- VBK hadde skrive notat om dei ulike arbeidsområda.
- Fjordhagen hadde ein del av arbeidet knytt til arrangementet, og var ein viktig ressurs.
- Kom tidleg i gong med planlegginga samanlikna med tidlegare år.
- God ordning med at prisane var lagt inn på vipps.
- Det som var betalt via kort, vart sett inn på idrettslaget sin konto som VBK må få betalt ut.
- Det som vart til overs av materiell er lagra hos Gerd. Nelly har nøye ført opp kva som vart brukt til arrangementet.
- Jordbær vart henta og rørt av May og Rigmor, sponsorane var veldig positive.
- Vaffelrøra vart tillaga av Mette Marie. Passleg mengde vaffelrøre, litt mindre enn i fjor.

- 4 posar graut er nedfrosen. Kunne vore meir posar med morr. (3 kg var for lite)
- Vaktlistar, oppsett av Bjørg som fekk arbeid med nokre justeringar.
- Avslutta salet i høveleg tid, sa seg sjølv etter programslett.
- Utstyr henta og bringa attende til klubbhuset.
- Bodene var ok mtp. reinhald.

Nokre ting som kan gjerast annleis:

*Kan bli bedre på tillaging av plakatar (foilar)
 Vurdere plassering av kassa sidan det er mykje støy frå scena.
 Glutenfrie vaflar bør vere ferdig når dei kjem på plassen.
 Burde vore ein stand med sal av jordbær.
 Sølpelet bør leggjast i mindre avfallsposar.*

Stor takk til Spar og kjøkkenet på Muritunet!

Sak 63/26 Påmelding Distriktssamling 26.sept

Bjørg, May, Nelly, Linda deltek.

Bjørg melder på samla.

Sak 64/26 Tiltak SFO, forespørsel

Fokus på mat og måltidsglede.

Spm. frå kommunalsjef om laget kan bidra med noko i høve dette.

VBK manglar ressursar til å kunne ta på seg eit slikt oppdrag,

Leiar melder frå at laget ikkje kan ta dette oppdraget.

VBK har tiltenkt eit arrangement på skulekjøkkenet der vi brukar råstoff som er lovd frå Hofseth.

Sak 65/26 Økonomi, regnskap og honorarutbetaling ved Gerd

Berit har sagt frå seg oppdraget som rekneskapsførar.

Held fram tom.september.

Gerd undersøker kva dei lokale rekneskapskontora kan tilby i høve å føre rekneskap, evt, ein lisens som laget kan leige til ein rekneskapsførar internt i laget.

Avklarar dette til neste møte.

Utbetaling av honorar skal opp som eiga sak på årsmøtet.

Sak 66/26 Fastsetting av datoar: Styremøter Bygdekvinnkveldar Årsmøte Bygdebrunsj, Kvizz og Syng med oss Event.meir

Saka blir teken oppatt på neste møte

Sak 67/26 Vervetiltak

Utsett til neste styremøte

Sak 68/26 Møteplassen biblioteket

Orientering om planar på gang om bruken av biblioteket.

Tildelt midlar frå Spb. Møre til opprusting av rommet ved den gamle ambulanseinngangen.

Rommet blir rydda og det skal monterast kjøkkeninnreiing.

Mogleg at det kan også kan tillagast eit uteområde i samband med dette.

Sak 69/26 Deltaking Frivilligfestival 20.sept MLH

Blir teke opp på neste medlemsmøte, fleire i styret som ikkje har høve til å stille på dette arrangementet.

Melder attende om ev. deltaking på arrangementet etter den 8.sept.

Sak 70/26 Forespørsel frå Maria Dvergsdal

Vart teken opp under sak 61.

Sak 71/26 Nytt frå NBK

Blir teke oppatt på neste styremøte.

Sak 72/26 Eventuelt anna

Neste bygdekvinnekveld den 8.sept.

Vertinnegruppe 4 som står for tur til å bidra på arrangementet.

Alternativ for stad og program vert jobba med.

Neste styremøte den 21.sept.

Møtet slutt kl. 20.30

Magnhild

ref.